

**Fra:** Silje Namtvedt <siljenamtvedt@hotmail.com>  
**Sendt:** onsdag 14. september 2022 19:30  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Innspel til arealdelen til kommuneplanen til Alver kommune

Hei!  
Under finn de innspel frå Radøy Senterparti.

## **Innspel til kommuneplanen sin arealdel i Alver kommune**

### **Frå Radøy Senterparti**

#### **Busetnad i heile kommunen?**

Regionsenter og senterutvikling er viktig, men det er og viktig å ha ein politikk for å ta vare på og utvikla alle utkantbygdene. Kvalitetane i desse bygdene er saman med sentra særst viktige for heilskapen i kommunen og er med og gjer kommunen attraktiv både for dei som bur her og for tilreisande.

Status som biosfæreområde er sjølv inngangen til å ta alle deler av kommunen i bruk:  
Bærekraftig utvikling av alle tilgjengeleg ressursar og satsing på levande lokalsamfunn.

#### **LNF-områda**

Kommunen må ta vare på landbruks- og friluftsaareala og sikra dei som **LNF-område**. Det er desse områda som skal sikra folk mat i dag og framover. Dyrka eller dyrkbare samanhengande landbruksområde må ikkje byggjast ned.

**LNF-område for spreidde bustadar** må på plass i alle bygder kommunen. Omsyn til dyrka mark og samanhengane friluftsg- og landbruksområde må sjølvstekt vektleggjast i denne vurderinga. Det må ikkje stillast krav til fortau/gang- og sykkelveggar før bygging, men vegkryssa må vera i tråd med nye krav. I Samfunnsdelen av planen er det vedteke at LNF-område for spreidd busetnad skal vera eit viktig verkemiddel for å nå dette målet.

Det må vera mogeleg med arealformål naustområde (**Andre typar bygningar og anlegg**) i eksisterande naustområde/bebygd strandområde (fortetting på ein konfliktfri måte).

Heilårsbustader i LNF-område skal ikkje trenga dispensasjonssøknader for mindre tiltak, det gjeld og tilbygg/påbygg og garasje. Det må vidare vera mogeleg å endra bruken på eksisterande bygningar. Dette må klarleggjast i føresegnene.

I 100-metersona må det på bebygde bustadtomtar kunne byggjast tilbygg/påbygg/garasje utan at dispensasjon er naudsynt. Dette må inn i føresegna, gjerne byggjegrænse på nedsida av husa mot sjø for å sikre dette i plankartet.

#### **Annan arealdisponering**

Det er viktig å setja av tilstrekkeleg areal i kommuneplanen sin arealdel til parkeringsplassar til alle viktige friluftsområde/turområde.

Det er viktig å setja av tilstrekkeleg areal i kommuneplanen til gratis innfartsparkering.

Område for utandørs aktivitetar (nærmiljøområde) og den uorganiserte idretten må sikrast i reguleringsplanar og i arealdelen i alle bustadfelt og tettstadar. Det er viktig å skapa sosiale møteplassar der folk bur, på den måten reduserer me og einsemd og styrkjar dugnadsanda i heile kommunen vår.

Det er viktig å sette av areal i kommuneplanen til idrett, friluftsliv og fritid for born og unge. Dette gjeld i heile kommunen, men ikkje minst i Knarvik og dei andre sentra.

**Regionsenteret må ikkje komma i den klemma at det om få år ikkje finns plass til eksisterande og nye idrettsaktivitetar.**

Kommuneplanen sin arealdel må sikra areal for offentleg tenesteyting i våre sentra/bygder. Det er alltid viktig å sikra offentlege føremål i ulike sentra og kring skular/barnehagar.

Kommuneplanen sin arealdel må sikra areal for skjerma bustadar, men og til sosial bustadutbygging.

Kommuneplanen sin arealdel må seia nei til fleire hyttefelt i urørt natur (planendring/fortetting i eksisterande felt kan godtakast om omsyn til miljøverdiar vert teke).

**Det kan gjevast fritak frå kravet til reguleringsplan jf. pbl § 11-9, nr 1, for følgjande tiltak:**

1. Maksimalt inntil 4 bustadeiningar totalt dersom det vert utarbeidd og godkjent heilskapleg plan for tomtedeling og felles infrastruktur, før det vert gitt løyve til frådelling eller igangsetting av byggetiltak.
2. Plassering av jord- og torvmassar som skal nyttast direkte til landbruksproduksjon i LNF område.
3. Det kan gjevast løyve til arealoverføring eller frådelling av tilleggsareal opptil 200 m<sup>2</sup> (samla) etter pbl § 20-1 bokstav m) utan krav om reguleringsplan, dersom dette ikkje er til hinder for framtidig regulering, jf. pbl § 11-10.
4. Etablering eller utviding av kaiar, flytebrygger eller småbåtanlegg inntil 9 båtplassar.
5. Etablering av inntil 3 naust.

Godkjente reguleringsplanar i dei eksisterande planane må ikkje takast ut.

Det skal vera mogleg for ålmenta å ferdast langs stranda. Bygningar og anlegg må ikkje stenge korridorar og passasjer ned til og langs strandlina, med mindre betre alternativ er sikra. Etablerte stiar skal takast vare på. Naustområde og småbåthamner samt flytebryggjer skal vere ope for ålmenta. Dette må inn i føresegna.

**Viktig bodskap:**

**Alver skal ta vare på og utvikla alle store og små lokalsamfunn i heile kommunen.**

**Dette må komma klart fram både av plankart og føresegner til arealplanen.**

Helsing  
Silje Namtvedt

leiar Radøy Sp